

ATLØYS VENNER

ÅRSMELDING 2015

Maskindagboka fortel at hovudmaskina har gått om lag 1.000 timar i 2015. Vi har ikkje hatt problem med maskina av noko slag. Vanleg vedlikehald er utført fortløpande. Hovudmaskin og begge hjelpemotorar går godt, og vi kjenner ikkje til problem. Arbeid med plateskift har tatt mykje tid.

Styret har ikkje hatt møter, og det er ikkje gjennomført årsmøte i 2015. Det er sendt ut ein medlemsinfo pr. post saman med kontingenten. Heimeside vert oppdatert for lite. Vi har fått hand om eiga facebook-side, etter at denne har vore administrert av ukjende. Som vanleg er var det julebord på Samfunnshuset i desember. Vi har ikkje hatt medlemsturar. Riksantikvaren løyvde 1.000.000,- til restaurering av skroget gjennom Veteranbåtlaget Atløy. Vi gjennomførde eit vellukka Fjordsteam og nok ei flott Fjordferd på Sogn, begge med overskot. Filmen frå Fjordferda i 2014 har gått på NRK igjen og igjen.

TURAR

M/S Atløy gjekk ut av dokk 28. april, og har hatt drift 110 døgn i sesongen, mellom slutten av mai og slutten av september på det næraste samanhengande. Sesongen starta 23. mai lokalt, siste tur var markering av ny farlei for Kystverket 3/11. Største inntekter er henta i Bergen frå 29/5 – 15/6 og frå 26/8 – 10/9. 6 veker i Hardanger gav også gode inntekter. Likevel er nok Fjordferda på 11 dagar frå midten av september årets høgdepunkt for dei fleste.


ØKONOMI

Økonomien i laget er særst god. Totalt hadde Atløys Venner driftsinntekter på 783.700,- som skriv seg frå sal om bord, Fjordferd, Sponsorinntekter Fjordsteam og kontingentar. Dette er om lag 3500.000,- opp i forhold til føregåande år, noko som først og fremst skuldast Fjordsteam. Netto på Fjordsteam bart om lag 50.000,-, Fjordferd 58.000,-. Etter fråtrekk for utgifter og tillegg av renteinntekter set vi at med 187.967,- netto, om lag 20.000,- over førre år. Ved årsskiftet hadde Atløys Venner 1.714.594,- på konto, og vi har 200.000,- uteståande i mellomrekning på Solundir.

Alle inntekter og utgifter til drift av båten, vedlikehald og restaurering går over Veteranbåtlaget Atløy sin rekneskap. 2015 vart tidenes drifts år for veteranbåtlaget, med leigeinntekter på 1.047.270,-, og overskot på 273.573,- sjølv etter restaurering for 1.198.266,-.

DUGNAD

M/S Atløy låg også denne vinteren inne i dokka til Westcon. Hovudarbeidet i år var skrogarbeid utført på dugnad og i samarbeid med Bredalsholmen Dokk og Fartøyvernssenter. Med 1.000 driftstimar, arrangering av Fjordsteam og eit omfattande arbeid med skroget vart det også i 2015 svært mange timar dugnad



ATLØYS VENNER

Pr. 31.12. fordeler dugnaden seg slik;

Mannskapsdugnad	5.940 timar
Møter, rekneskap, sal og administrasjon	250 timar
Dugnad på slipp/verkstad	8.184 timar
Fjordsteam, anslag	2.300 timar
Totalt	16.674 timar

Utover arbeid på verft er det ikkje betalt arbeidspengar til drift eller vedlikehald. Det er rekna 12 timar dugnad i døgnet dei periodane folk var om bord heile døgnet

OPPSUMMERING

Verdien av dugnad utført av Atløys Venner ligg på omlag 5.120.200,-. Timesatsen er sett til 190 kroner for vanleg arbeid, og 385 kroner for arbeid som erstattar hjelpearbeidar på verft/lønna sertifiserte sjøfolk. Atløy kunne heller ikkje segle inn omlag 1.050.000 utan vår frivillige innsats.

Arbeidet med restaurering går bra, men ein hard sesong har tæra på mannskapa. Forholdet til Riksantikvar, Skipskontroll og andre faglege instansar er godt. Vi kjenner ingen større svakheiter med båten utover det som framkjem i restaureringsplanen.

Florø 20.05.2016

For styret

Sander Ødelien

Hans E. Søy
Harald Sævi